

## RETTELEIING TIL BRUK AV DIALOGARK

# Snakke saman

### Kva er målet med dialogarket?

Sjumilssteget ønsker å fremme dialog mellom foreldra om aktuelle tema gjennom barndommen. Målet er å styrke, motivere og engasjere foreldra som omsorgspersonar for barna sine. Den raude tråden gjennom tekstane er at kvar forelder er den viktigaste personen i livet til sitt barn.

### Kva er eit dialogark?

Dialogarket er eit verktøy for å fremme dialog mellom foreldre, og mellom foreldre og dei som har med barnet å gjere gjennom oppveksten. Kvart dialogark presenterer eit sentralt foreldrerettleiingstema. Tema kan til dømes vere søvn, vennskap, nettvett eller skulestart. Arket består av ein tekst til refleksjon, og forslag til refleksjonsspørsmål. Kvart tema er valt ut etter innspel frå foreldre og ulike fagpersonar med kompetanse på barn.

### Når skal dialogarket nyttast?

I systemet for foreldrerettleiing er det lagt opp til at foreldra vert presenterte for eit dialogark med eit nytt tema årleg gjennom barndommen. Dialogarket skal nyttast på dei allereie eksisterande treffpunktene for foreldre, som svangerskapskurs, barseltreff og foreldremøte i barnehagar og skular. På nokre foreldresamlingar vert fagpersonar invitert med for å gi innspel i dialogen.

### Korleis bruke dialogarket?

Kvart tema vert presentert for dei foreldra arket gjeld. I grupper samansette av fleire årskull, deler kulla seg kvar for seg, og jobbar med sitt tema. Kvar forelder får utdelt eit eksemplar av dialogarket. Del foreldra inn i grupper på 3-4 personar. Mindre grupper er viktig fordi det kan vere lettare å dele refleksjonar når det er færre, enn i ei stor forsamling. Gå gjennom teksten i plenum eller i gruppene. Foreldra sitt syn på tema er det sentrale, og refleksjonane skal få fram foreldra sine meningar og eigne løysingar. Det er ingen fasitsvar på oppgåvene. Den som leiar dialogen treng ikkje ha meir-kunnskap om tema. Poenget er å reflektere og undre seg i lag.

### Engasjement

Gjennom bruk av dialogarket ønsker ein å signalisere at foreldra sine meningar er viktige. Slik inkluderer vi kvarandre i løysingane kring utfordringar i foredrerolla. Målet er at dialogarket vert ein positiv del av eit systematisk og tverrfagleg foreldresamarbeid.

Illustrasjon  
av Torgrim,  
1.klasse



### Evaluering

Det er viktig at tema, tekst og refleksjonsspørsmål bidreg til å skape gode refleksjonar, og treff foreldra på ein god måte. Sjumilssteget ønsker difor tilbakemelding på erfaringar ved bruk av dialogarka. Tilbakemelding kan sendast til den kommunale Sjumilsstegsgruppa. Kvart år vil også alle foreldre i 4.klasse få utdelt evalueringsskjema med fem korte spørsmål knytt til Sjumilssteget. Slik kan Sjumilssteget endre seg i takt med foreldra sine behov.

